

# Høringsuttale frå Høgskulen på Vestlandet

## Forslag til forskrift om rammeplan for Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13

### Innhald

Høgskulen på Vestlandet sin ståstad .....	2
Innspel Forslag til forskrift .....	3
§1 Virkeområde og formål .....	3
§2. Læringsutbytte .....	4
Kunnskap .....	4
Ferdigheiter .....	4
Generell kompetanse .....	4
§3. Struktur og innhald for Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13.....	4
1.-3. studieår .....	5
4.-5. studieår .....	5
§4. Nasjonale retningslinjer, kjenneteikn og programplan .....	6
§5. Fritaksbestemmelsar .....	7
§6. Ikraftsetjing og overgangsreglar .....	7

## Høgskulen på Vestlandet sin ståstad

Høgskulen på Vestlandet (HVL) har hatt til høyring Forslag til forskrift om rammeplan for femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13. Vi ser forslaget til forskrift som eit godt utgangspunkt for vidareutvikling av dagens faglærarutdanningar. Ein stor del av lærarane som i dag underviser i praktiske og estetiske fag i skulen har lite formell kompetanse i dei aktuelle faga. Dette gjeld både på småtrinnet, mellomtrinnet og på ungdomsskolen.

HVL fekk nasjonalt ansvar for arbeidet med mat og helse og kroppsøving ved overtaking av Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Vi ynskje difor å anerkjenne kor viktig det er med endring frå treårig faglærarutdanning til femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag, og at det blir vektlagt krav om auka kompetanse i desse faga i skulen. Dette vil gi betre kvalitet på undervisninga i faga og betra læringsutbytte for elevane. Vi har i dag to treårige faglærarutdanningar, i musikk og kroppsøving og idrettsfag.

Generelt er det viktig at for dei institusjonane som tilbyr eller opprettar tilbod om femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag, også bør ha gode tilbod for desse faga også i grunnskolelærarutdanninga, og at det kan vere parallelle løp. Med parallelle løp forstår vi å nytte same undervisning og rettleiing inn i fleire emne i fleire studieprogram. Den programspesifikke undervisninga kan gå føre seg i seminargrupper, kollokviegrupper, oppgåveløysing, arbeidskrav, rettleiing og eksamen.

Forslaget om å inkludera andre grunnskolefag i utdanninga, t.d. norsk, kan vera eit viktig steg mot å gjera utdanninga meir relevant for grunnskulen. Det vil vera viktig at lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag ikkje vert sett på som ei erstatning for desse faga sin plass i grunnskulelærarutdanningane.

Den nye lærarutdanninga kan bidra til å utvida både fagfokuset og forskings og innovasjonstenking i samarbeidet inn mot kulturskule t.d. med kombinerte stillingar.

Femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag med to fag vil også gjera det lettare for skuleeigar å tilsetje fagleg godt kvalifiserte lærarar i faga, og samtidig gjere det lettare for studentane å få relevant arbeid etter fullført utdanning.

## Innspel Forslag til forskrift

### §1 Virkeområde og formål

Forslag til forskrift er skriva i veldig generelle vendingar og tek i liten grad omsyn til dei einiskilde praktiske og estetiske faga sin eigenart. Det er difor naudsynt at den vert konkretisert inn mot dei ulike masteremna for dei ulike lærarutdanningane.

(1) Forskrifta sitt virkeområde er ikkje gjenstand for kommentar.

(2) HVL gir vår støtte til ei femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag 1-13, og at ein innfører fag 2 og moglegheit for fag 3 i utdanninga. Ei innvending er at forskrifta i for liten grad fokuserer på kulturskule og det frivillige kultur/idrettslivet. Dette har våre fagmiljø reagert på, og er difor noko mange av våre kommentarar ber preg av. Utdanninga bør i tillegg til å kvalifisere til grunnopplæringa, kunne kvalifisere for kulturskule, marknads-relatert arbeid og det organiserte samfunnslivet.

(3) HVL støttar formålet om at vi skal tilby ei integrert, profesjonsretta lærarutdanning i praktiske og estetiske fag. Vi ser positivt på at utdanninga femner vidt innanfor dei praktisk-estetiske faga jf. opplistinga av masterfag i forskrifta. For masterfaget musikk er det i dag fire utfordringar på nasjonalt nivå. 1) eit sterkare fokus på forskning og på kunstnarleg utviklingsarbeid, 2) større og breiare yrkesrelevans med rom for fleirfaglege utdanningsportefølgje, 3) større rom for dei minste kunstfaga som drama og dans i det nasjonale utdanningsbildet for aldersgruppa 1- 13, og 4) ei styrking av utdanning og forskning som kan knyta ulike utdanningsområde for denne aldersgruppa sterkare saman, t.d. grunnskule og kulturskule. Desse utfordringane trur vi også vil gjera seg gjeldande for dei andre utdanningane i opplistinga. Overgang til ei 5-årig utdanning vil imøtekoma desse utfordringane.

(4) Forskrifta vektlegg heilskap, samanheng og progresjon i dei praktiske og estetiske faga i heile grunnopplæringa 1-13. Profesjonsetikk, kontinuerleg profesjonell utvikling, skulen som institusjon for danning og læring i eit demokratisk og mangfaldig samfunn er element som vert vektlagt. Dette er også i tråd med Fagfornyninga.

(5) Det samiske perspektivet er ivareteke i dette eigne punktet (pkt.1-5). Dei praktiske og estetiske faga er eigna til å synleggjera denne dimensjonen. I overordna del av læreplanverket pkt.1.2 under *Identitet og kulturelt mangfald* visast det til at det er fem andre folkegrupper som også har status som nasjonale minoritetar i Norge og som har bidrege til den norske kulturarven, -og at opplæringa skal gi kunnskap også om desse folkegruppene. Dette føreslår vi skal også inn i denne forskrifta.

## §2. Læringsutbytte

(1) Vi støttar dette punktet

(2) Læringsutbytteformuleringar

Læringsutbytteformuleringane ser primært ut til å vera retta inn mot profesjonsfaget i utdanninga. Me saknar eit større fokus på ferdigheiter knytt til dei handverksmessige og utøvande sidene i faga. Digitalisering som er eit statleg satsingsområde i all opplæring treng å få ein større plass inn i forskrifta.

### Kunnskap

Under kunnskap ynskjer vi inn ei formulering om digitalisering. Då vil det bli samanheng med kulepunkt 4 under *ferdigheiter*. Ferdigheiter i Profesjonsfagleg digital kompetanse på eit masternivå -utan kunnskapsgrunnlag verkar kunstig. Forslag: *Kandidaten har kunnskap om profesjonsfagleg digital kompetanse i kreativt arbeid, læreprosesser, dokumentasjon og formidling, og har kunnskapar om korleis ferdigheiter, kunnskap og kompetanse endrar seg i digitale omgjevnader.*

### Ferdigheiter

*Til kulepunkt 3. Kandidaten - kan anvende ulike uttrykk, former og teknikker i praktiske, utøvende og skapende aktiviteter i masterfaget, og kan anvende faglig relevant utstyr, ressurser og læremidler i opplæringen.* Vi foreslår at vi supplerer med formuleringa «*kan på et avansert nivå anvende ulike uttrykk*». Vårt ynskje er at det vektast meir utøvarkompetanse, for å sikre t.d. god instrumentopplæring innanfor musikkfaget.

### Generell kompetanse

Også her meiner vi at det manglar ei formulering kring profesjonsfaglig digital kompetanse. Forslag: Kan basert på profesjonsfagleg digital kompetanse leggje til rette for *kreativt arbeid, læreprosessar, dokumentasjon og formidling.*

## §3. Struktur og innhald for Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13

(1) Utdanninga skal innehalde:

Vi ser at det i forslaget er sett opp det vi ser som ei tilnærming til at lærarutdanning i praktiske og estetiske fag i større grad enn tidlegare faglærarutdanningar vert retta inn mot grunnopplæringa. Dette meiner vi skaper rom for ei utvatning av dei praktisk estetiske faga innanfor GLU.

Faglærarutdanningane kan slik dei er organiserte i dag, kan ikkje erstatte faga i GLU. Viser her til døme Faglærarutdanning i Kunst og handverk der vi i dag berre har to institusjonar som gir utdanninga. GLU derimot har ei desentralisert organisering, med rom for å gi utdanning i faga som

er tilpassa verkeområdet og kan gi denne over heile landet. Faga i lærarutdanning i praktiske og estetiske fag ynskjer vi skal sjåast som meir spesialiserte enn tilsvarande fag i GLU.

#### 1.-3. studieår

Ei sterkt knyting til praksisfeltet i grunnopplæringa som er føreslege kan gjere at faga vert for like dei praktisk estetiske faga i Grunnskulelærarutdanninga, særleg for 1-3 studieår. Faglærarutdanningane har tradisjonelt hatt ei innretning mot fleire praksisarenaer, og forslaget inneber ei endring i høve dette gjennom ei sterkare knyting til grunnopplæringa enn det som har vore i tidlegare faglærarutdanningar. Samtidig er knyting til alternative arenaer gjort frivillige og dermed mindre attraktive. Dei ulike faga i lærarutdanning i praktiske og estetiske fag har ulike behov når det gjeld praksisarenaer. Alternative arenaer som t.d. kulturskule må difor få ein meir sentral plass i forskrifta og det må vera rom for å leggja inn meir alternativ praksis som val, og at også denne skal vere rettleia og vurdert.

#### 4.-5. studieår

Slik vi ser det er vektinga mellom praksis i grunnopplæringa og anna type praksis for tett knytt mot grunnskulelærarutdanninga. Vi ynskjer ei vidareføring av ordninga i eksisterande rammeplan for faglærarutdanning (2013), som ikkje definerer tal praksisdagar i grunnopplæringa og på andre praksisarenaer, og at fordeling av praksis skal kunna overlatast til kvar enkelt institusjon.

For HVL sin del er det slik at musikk sin alternative praksis rettar seg i stor grad mot kulturskule og folkehøgskule, - kroppsøving og idrett rettar seg mot frivillighet og marknad.

Forskrifta skil mellom praksis i grunnopplæringa og annan praksis når det gjeld rettleiings- og vurderingsarbeid, men det er viktig at all praksis i utdanninga er rettleia og vurdert.

#### *(1) Masterfaget*

Masterfaget omfattar heile grunnopplæringa, og opplysningane om fag 2 og 3 viser også at forskrifta i stor grad blir retta inn mot denne. Vi ynskjer at det vert opna opp slik at det blir mogleg å velja fag 2 og 3 mellom fag som har fokus på kulturskule, frivillig kultur og idrettsliv samt marknad.

#### *(2) Praksisstudiet*

Vi støttar at praksis er gjennomgåande i heile studieløpet slik det er beskrive.

#### *(3) Fagdidaktikk*

Vi støttar dette punktet

#### *(4) Profesjonsfaget*

Profesjonsfaget får i oppgåve å vere eit samanbindande ledd mellom praktiske og estetiske fagområde, pedagogikk, fagdidaktikk og praksis. Det er eit stort ansvar som vert lagt på dette faget.

For å unngå at desse viktige funksjonane vert isolerte kring profesjonsfaget, må det vere tydelege koplingar, gjerne tverrfaglege, til dei andre fagområda i utdanninga.

#### *(5) Vitskapsteori og metode*

Metode er viktig å få tidlege innslag om, då det tek tid å utvikla god forståing for dette emnet. Ved å knytte emnet til både profesjonsfaget og undervisningsfaga gir det rom for å arbeide på tvers. Det kan stillast spørsmål ved om vitskapsteori og metode også burde inngå i masterfaget, då metode er ein viktig del av ei masteroppgåve.

#### *(6) FOU oppgåve*

Vi støttar at FOU oppgåva inngår som del av profesjonsfag og fag 1, men det verkar litt uklart korleis den skal fordelast/inngå i desse faga. Det vil sei, korleis skal vektinga og uttrekket av dei minimum 10 studiepoenga gjerast?

FOU oppgåva skal plasserast i løpet av tredje studieår, men det bør overlatast til institusjonen å bestemma kva for semester. Dette for å gi moglegheit for å leggja parallelle løp, der enkeltemne kan undervisast til fleire utdanningar.

#### *(7) Masteroppgåva*

Vi meiner det er bra at masteroppgåva skal vera profesjonsretta og praksisorientert, og at arbeidet kan ha innslag av praktisk skapande og utøvande verksemd, samt at den i så tydeleg grad ivaretek den praktisk estetiske dimensjonen. Det må vere opp til institusjonane å bestemme storleiken på oppgåva. Forslaget seier at oppgåva skal vere mellom 30 og 60 studiepoeng, men innanfor ramma må det vere mogleg for institusjonane å justere.

#### *(8) Internasjonalisering*

Å leggje til rett for at faglærerutdanningane får eit internasjonalt perspektiv må setjast i samanheng med kompetansehevingstiltak hos fagpersonalet. Det er likevel eit tiltak vi meiner er nyttig og som kan forsterka utdanninga sitt særpreg.

Vi er einige i formuleringa om at det er opp til den enkelte institusjon å bestemma storleik på- og kva tid i studiet utlandsopphald skal skje.

## §4. Nasjonale retningslinjer, kjenneteikn og programplan

**(1)** Vi støttar at det vert utarbeida nasjonale retningslinjer for faga og at det vert definert kvalitetsindikatorar. Det vert føresett fagdelte høyringar når dei nasjonale retningslinjene for dei enkelte masterfaga skal setjast. Det same gjeld i høve kvalitetsindikatorane for høg kvalitet som vil vera ulike frå fag til fag.

(2) Dette punktet støttar vi.

(3) Dette punktet støttar vi.

## §5. Fritaksbestemmelsar

Her følg vi gjeldande regelverk. Det bør vere rom for å lage lokale tilpassingar til lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag med bakgrunn i masterfag og profesjonsfag, men dette treng ikkje liggja i forskrifta. Gjeldande formulering i UH lovens §3-5 er dekkande for dette dokumentet.

## §6. Ikraftsetjing og overgangsreglar

HVL støttar at forskrifta trer i kraft straks. Vi har heller ikkje innvendingar til overgangsreglane for kva tid institusjonane skal følgja ny forskrift. Studentar som følg tidlegare rammeplan (2013), med studiestart i 2020 vil normert vere ferdig våren 2023. Det kan vere ein for kort frist dersom siste moglegheit for å avlegge eksamen blir 1.august 2025. Denne fristen bør aukast.

Introduksjonen av masternivået vil stilla store krav til fagmiljøa på dei fleste utdanningsinstitusjonane som har dei aktuelle utdanningane. Då GLU blei omgjort frå bachelor til masterutdanning blei det ikkje gjort endring i finansieringskategori (kategori D), noko som har gitt ressursutfordringar. For enkelte av masterfaga, t.d. i musikk blir ressursutfordringane endå større enn det dei vart på GLU. Vi viser til at studieforskrifta sine kompetansekrav til fag, forskning og internasjonalisering har langt høgare krav til master enn til bachelorutdanningar, det vil sei at desse utdanningane vert langt dyrare å driva enn det dei er i dag. Spørsmålet om dette bør føre til høgare finansieringskategoriar på syklus 2 og arbeidet kring masteroppgåva enn det faglærarutdanningane har i dag. Eit anna poeng er at vi også vil ha to kull meir på lærarutdanning i praktiske og estetiske fag enn vi har på faglærarutdanningane med dei kostnadane dette inneber. Vi bed om at dette vert teke omsyn til.

For Høgskulen på Vestlandet

Kjell Magnar Eide Helland

Seniorrådgjevar